

STIFTINGA G-KULTUR

www.g-kultur.no

Årsmelding 2019

1. Styret i 2019

Stiftinga G-Kultur har i 2019 hatt følgjande styre:

Styreleiar	Knut Hovslien
Nestleiar/sekretær	Kjell Austin
Kasserar	Lars Ole Ørjasæter
Styremedlemmer	Rønnaug Haugstad Marit Hosar Nils Kårfald
1. varamedlem	Gard Espeland
2. - « -	Bengt Arild Morken
3. - « -	Jorunn Bleken

Styreleiar, nestleiar/sekretær og kasserar har utgjort stiftinga sitt arbeidsutvalg.

2. Styremøte

Det vart halde fire styremøte.

14. februar, Oslo

Dette var siste tildelingsmøte for G-Kultur. Til søknadsfristen 1. februar kom det inn i alt 20 søknader. Viktige saker elles på møtet var skrivekonkurransen *Unge røyster* og planar for avslutningsåret 2020 for G-Kultur.

17. juni, 5. september og 28. november, Oslo

Hovedsakene på alle desse møta var *Unge røyster* og kulturarrangement 1. februar 2020.

3. Søknadsbehandling

4.1. Tilskot

Til stønadsfristen 1. februar mottok Stiftinga G-Kultur 20 søknader. På styremøtet 14. februar vart det gjeve tilskot til i alt 14 prosjekt med samla beløp 90.000 kr.

Det vart gjeve følgjande tilskot:

- * Norsk litteraturfestival 10.000 kr. til *Store for små, litteraturformidling.*
- * Fåberg/Lillehammer historielag 5.000 kr. til *Historia om bureisingsbruka i Fåberg, del 1.*
- * Camilla Granlien 5.000 kr. til *Et bilde – en tekst – en sang!.*
- * Aslak Brimi / Rolv Brimi 5.000 kr. til *Det var so fagert i fylgje gå – utgjeving av marsjar frå Ottadalen.*
- * Kristoffer Kruken 5.000 kr. til *Ny utgåve av 'I gamle Daagaa. Forteljingo og Bygda-Minne fraa Vaagaa' (1908) av Ivar Kleiven.*
- * Diktardagar 7.500 kr. til *Diktardagar 2019 i Lom, Skjåk og Vågå.*
- * Tor Jonsson-laget 5.000 kr. til *Vandring på Våre Frelseres Gravlund.*
- * Hans P. Kjørstad og Rasmus Kjørstad 5.000 kr. til *Ny utgjeving av tradisjonell musikk frå Fronsbygdene.*
- * Husflidskonsulenten i Oppland 5.000 kr. til *Barnas TREseminar på Hjerleid.*
- * Mads Erik Odde 10.000 kr. til *CD-innspeling.*
- * Kenneth Lien/Rasmus Kjørstad 5.000 kr. til *Springleik, utstilling med konsert og bildekunst.*
- * Harpefoss Hardcorefestival 7.500 kr. til *Harpefoss Hardcorefestival 2019.*
- * Litteraturhus Lillehammer 5.000 kr. til *Lørdagstimen for barn – Fortellinger fra byen og dalen.*
- * Elsine Haugstad 10.000 kr. til *Ola Hjellemo – visjonær symfoniker og spelemann frå Gudbrandsdalen.*
- * Dovrejul 2020 7.000 kr. til *Språk, sprell og spell – arven etter Sauerwein.*

4. Skrivekonkurransen *Unge røyster* 2019-2020

Skrivekonkurransen vart lyst ut i januar 2019, og til fristen 15. juni kom det inn 18 bidrag.

Invitasjonen til konkurransen vart sendt til ei rekke instansar i Gudbrandsdalen og Lillehammer, herunder biblioteka, kommunane/kulturkontora, dei vidaregåande skolar,

Ungdommens kulturmønstring Oppland, Norsk Litteraturfestival og Kulturnett Oppland, samt ei rekke organisasjonar og enkeltpersonar. Det var annonse i GD og i lokalavisene.

Med *Unge røyster* har Stiftinga G-Kultur ønskt å stimulere eit felt som har vore lite synleggjort i verksemda, og det har såleis vore ei viktig satsing.

Det vart sett ned ein jury med følgjande medlemmer:

Sigrid Sørungård Botheim, seniorrådgjevar i Språkrådet, forfattar og journalist.
Astrid Brekken, journalist og skribent, tidlegare NRK-tilsett.
Olav Brostrup Müller, kultursjef Lillehammer kommune, journalist og skribent.

Frå styret i Stiftinga G-Kultur:

Rønnaug Haugstad, fagkonsulent i Bydel Grünerløkka, Oslo.
Marit Hosar, fylkesarkivar i Oppland, kunstnar.
Kjell Austin, jurysekretær.

På møtet i juryen 29. august vart det vald ut fem bidrag for honorering, kvar med 10.000 kr.:

Idunn Maria Brosset, Skjåk (22 år), *Om fortiden, og å bære fremtidens kappe*
Håkon Noren, Lora (23 år), *Om det å flytte på seg*
Hanna Nordlien Berg, Oslo/Vinstra (28 år), *Om jeg bare kunne*
Åshild Slåen, Otta (23 år), *Heimat*
Ragnhild Sveen Tande, Vågå (22 år), *Felleskap, slekt og einsemd*

Det var opprinneleg bestemt at namna skulle bli offentleggjort med lansering av skriftsamling under kulturarrangementet i Teatersalen til BUL 1. februar 2020. I desember kom ein fram til at namna burde offentleggjerast i samband med utsending av informasjon om arrangementet 1. februar i midten av januar 2020.

I tillegg til dei honorerte forfattarane frå *Unge røyster* vedtok styret at ein skulle invitere særskild utvalde forfattarar/skribentar til å bidra med artikkel/essay til skriftsamlinga, og desse takka ja til å delta:

Olav Brostrup Müller, kultursjef, Lillehammer kommune, jurymedlem *Unge røyster*.
Hans Erik Kjosbakkken, redaktør i Fjuken, Skjåk.
Ragnhild Kolden, forfattar, Lom/Oslo.
Sigrid Sørungård Botheim, seniorrådgjevar i Språkrådet, jurymedlem *Unge røyster*, Lesja/Oslo.

Også desse får eit honorar på 10.000 kr kvar.

Merkur Grafisk AS vart engasjert til å produsere skriftsamlinga samt programfaldar mm for arrangementet 1. februar.

Oppland fylkeskommune/kultur ga tilskot på 20.000 kr til skrivekonkurransen og skriftsamlinga, og desse kommunane ga tilskot med tilsaman 26.500 kr: Dovre, Gausdal, Lesja, Lillehammer, Lom, Nord-Fron, Ringebu, Sel, Skjåk, Sør-Fron og Vågå.

5. Kulturarrangementet *Utflytt døl* 1. februar 2020

Bakgrunn og formål:

- * Markering av at det er 100 år sidan Gudbrandsdalslaget i Oslo vart oppretta på eit møte i Bøndernes Hus (Bondeheimen) 2. februar 1920.
- * Lansering av boka *Unge røyster*, med bidrag frå skribentar i alderen 16-30 år med tilknytning til Gudbrandsdalen.
- * Presentasjon av eit utvalg av kunst- og kulturaktørar frå Gudbrandsdalen, blant desse aktørar som har fått tilskot frå Stiftinga G-Kultur i perioden 2015-2019.
- * Stiftinga G-Kultur blir avvikla i 2020.

Arrangementet 1. februar inneber avslutninga på 100 års lagshistorie.

Tittelen på arrangementet vart lånt frå diktet med same namn, skreve av Ragna Bleken Rusten frå Fåberg.

Alt frå sommaren 2019 vart det teke kontakt med mange aktørar, slik at programmet i hovudsak var avklara i løpet av 2019.

Det vart gjort avtale om med BUL og leige av Teatersalen og med Kaffistova om servering. Sparebank 1 Lom og Skjåk ga eit tilskot på 30.000 kr til arrangementet *Utflytt døl*. TINE Meieriet Lom & Skjåk sponsa *Utflytt døl* med 30 raudostar, som skulle nyttast til gave til dei medverkande.

6. Avslutningsåret 2020

Styret har vedteke at Stiftinga G-Kultur skal avviklast innan 30. juni 2020. Arbeidet med dei formelle og praktiske sidene ved dette startar opp i februar 2020.

7. Informasjonsarbeid

Informasjonsarbeidet i 2019 var i hovudsak retta på invitasjonen til *Unge røyster*, med annonse i GD og Dølasamkøyringa (Fjuken, Norddalen, Vigga og Dølen), pressemelding i to omgangar, informasjon på vår eiga nettside. I samband med søknad til kommunane om tilskot bidrog desse med ganske omfattande marknadsføring, det same var tilfellet med biblioteka.

Noregs Ungdomslag sitt magasin *Ungdom* hadde i nr. 1 2019 omtale av *Unge røyster*.

Magnhild Bruheim hadde i mai lesarinnlegg i GD («GD-veggen») og i Fjuken.

Kjell Austin og Knut Hovslien vart intervjuva i Gudbrandsdalsradioen hhv. i januar og i mai, samt i november for sending i julhelga.

8. Lutar i Det Norske Teatret

Stiftinga G-Kultur overtok og forvaltar dei lutane Gudbrandsdalslaget i Oslo hadde i Det Norske Teatret. Knut Hovslien representerte G-Kultur på årsmøtet i teatret den 28. april 2018.

Styret i G-Kultur står fritt til enten å gje bort eller selje lutane når stiftinga blir avvikla i 2020.

9. Økonomi

G-Kultur hadde si første tildeling av tilskot i september 2015. Styret har pr 2019 teke imot 123 gyldige søknader til kulturprosjekt med tilknytning til Gudbrandsdalen. Av desse har 61 prosjekt fått tildelt tilskot med ein samla stønadssum på 646.000 kr. Samla beløp er med fråtrekk av tilskot/delar av tilskot som ikkje har vorte brukt.

Pr. 31. desember 2019 hadde G-Kultur følgjande på konto i Sparebank 1 Lom og Skjåk:

Grunnkonto:	100.532 kr.
Høgretekonte:	259.792 kr.
Driftskonto:	23.871 kr.
Totalt:	384.195 kr.

10. Oppsummering

Styret har i 2019 arbeidd i samsvar med fastsette planar, der eit overordna mål har vore å sikre arven etter Gudbrandsdalslaget i Oslo, samt gjennomføre skrivekonkurransen *Unge røyser*, planlegge kulturarrangementet 1. februar 2020 og førebu avviklinga av Stiftinga G-Kultur i løpet av første halvår 2020.

Styret i Stiftinga G-Kultur 2019

Oslo, 20. februar 2020

Knut Hovslien
styreleiar

Kjell Austin
nestleiar/sekretær

Lars Ole Ørjasæter
kasserar

Rønnaug Haugstad
styremedlem

Marit Hosar
styremedlem

Nils Kårfald
styremedlem